

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 13. SEPTEMBER KL. 09.30- 13.30 HJÅ EIDESVIK HAVFISKE, LANGEVÅG, BØMLO**

Desse møtte:

Morten Storebø	Austevoll kommune
Odd Harald Hovland	Bømlo kommune
Geir E. Aga	Bømlo kommune
Siri Klokkestuen	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune
Jorunn Skåden	Sveio kommune (fram til sak 39/19 b)
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

Administrasjonen:

Gro Jensen Gjerde

Forfall:

Bjarte Madsen, Austevoll kommune - Hilde Aa. Haraldseide, Etne kommune - Peder Sjo Slettebø, Kvinnherad kommune - Gaute S. Epland, Stord kommune - Magnus Mjør, Stord kommune - Jostein Førre, Sveio kommune

Jon Agnar Leirvik, Studentpraktikant i Tysnes kommune deltok i møte .

Då var føre:

Sak 34/19	Godkjenning av referat frå møte 21. juni d.å
Sak 35/19	Berekraftig reisemål – fase 2
Sak 36/19	Rekneskap – første halvår
Sak 37/19	Prosjekt mot forsøpling
Sak 38/19	Vestland – funksjonar lagt til distrikts Hordaland
Sak 39/19	Skriv og meldingar
	a) Regional plan for utdanning – og arbeidsliv i Hordaland
	b) Fitjar vg skule – berekraft prosjekt
	c) Endring møteplan
	d) Møter i kommunane – reiseliv
	e) Nedlegging av koparnettet til Telenor
	f) Auka samarbeid gjennom Samarbeidsrådet
	g) Temamøte havbruk
	h) Regionråda i Vestland
	i) Sørleg kryssing av Langenuen
Sak 40/19	Ymse
	a) Orientering av synspedagog
	b) Fiskerihamn på Bømlo

- c) Kontrollutvalssekretariat og interkommunal revisjon
- d) Opptrapping av kommunal finansiering av Sunnhordland Museum
- e) Statleg plan

Sunnhordland, 17. september 2019

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 13. SEPTEMBER KL. 09.30- 13.30 HJÅ EIDESVIK HAVFISKE, LANGEVÅG, BØMLO**

I forkant av møte gav Lars Magne Eidesvik ein presentasjon av Eidesvik Havfiske.

Synspedagog Eldbjørg Knudsen, Tysnes kommune, orienterte om sitt arbeid som synspedagog og effekten av synspedagogisk trening (sak a. under ymse).

Sak 34/19 Godkjenning av referat frå møte 21 juni d.å

Samrøystes vedtak.

Sak 35/19 Berekraftig reisemål – fase 2

Framlegg til vedtak:

1. Under føresetnad av løyving frå Innovasjon Norge til fase 2 godkjenner Samarbeidsrådet for Sunnhordland at det vert nytta inntil kr. 552 000 frå tiltakspotten til arbeidet med berekraftig reisemål.

Midlane vert fordelt slik:

2019 – kr. 150 000,-

2020 – kr. 252 000,-

2021 - kr. 150 000,-

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 36/19 Rekneskap – første halvår

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet tek halvårs rekneskapen til orientering.

Vedtak:

Samarbeidsrådet tek halvårs rekneskapen til orientering.

Sak 37/19 Prosjekt mot forsøpling

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet går inn for at det vert etablert ei brei samansett ressursgruppe med sentrale aktørar som får ansvar for utarbeiding av ein strategi og handlingsplan mot forsøpling i Sunnhordland.
2. Arbeidet skal ha fokus på tiltak for å førebyggja og hindra forsøpling.

I møte:

Det kom framlegg til endring av punkt 2 og framlegg til eit nytt punkt 3.

Endring punkt 2:

Arbeidet skal også ha fokus på tiltak for å førebyggja og hindra forsøpling.

Nytt punkt 3:

AU får fullmakt til å setja saman ei ressursgruppe.

Vedtak:

1. Samarbeidsrådet går inn for at det vert etablert ei brei samansett ressursgruppe med sentrale aktørar som får ansvar for utarbeiding av ein strategi og handlingsplan mot forsøpling i Sunnhordland.
2. Arbeidet skal også ha fokus på tiltak for å førebyggja og hindra forsøpling.
3. AU får fullmakt til å setja saman ei ressursgruppe.

Sak 38/19 Vestland – funksjonar lagt til distrikts Hordaland

Framlegg til uttale:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har i møte 13. september drøfta det pågåande arbeidet med etablering av det nye Vestland.

I intensjonsavtalen for etablering av Vestlandet var sentrale mål:

- 1) å oppretta ein desentralisert tenestestruktur;
- 2) å sørgja for samfunnsutvikling i heile regionen med god balanse mellom storbyen Bergen og distrikta; og
- 3) å utnytta kompetanse og ressursar gjennom desentralisert organisering

I intensjonsavtalen vart det lagt til grunn at funksjonar/seksjonar innan områda veg, opplæring/idrett og næring skulle lokaliserast i noverande Hordaland fylke utanfor Bergen. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har med dette som utgangspunkt ved fleire høve uttalt at minst eitt av desse områda bør lokaliserast til vår region

På dialogmøte på Stord 29.april fekk regionen presentert dei moglegheitene og utfordringane Sunnhordland står overfor, og ikkje minst dei forventningane regionen har til det nye fylke

Sunnhordland hadde, og har, eit sterkt ynskje om at Rogaland og vert ein del av Vestland.

Mange argumentere no for at me vert ein utkant i det nye fylket. Det ynskjer me ikkje skal verta ein realitet. Sunnhordland er og vil vera ein viktig region i Vestland. Samarbeidsrådet meiner at ved å leggja sentrale funksjonar ut i regionen vil ein vera med på å nå måla ein har sett seg for utvikling av Vestland – desentralisert tenestestruktur, samfunnsutvikling i heile regionen, god balanse mellom distrikt og storby og utnytta kompetanse og ressursar gjennom desentralisert organisering.

Når den nye organisasjonsstrukturen innan områda veg og opplæring/idrett no ser ut til å medføra svært få eller ingen nye funksjonar/arbeidsplassar til Sunnhordland, vil me uttrykkja ei klar forventning om at Sunnhordland vert tildelt ei betydeleg rolle innan området næring.

Med lokalisering av ei næringsavdeling i Sunnhordland vil fylket ikkje berre bidra til å styrka samfunnsutviklinga i regionen gjennom å tilføra nye kompetansesarbeidsplassar, fylket vil også dra vekslar på industritradisjonane, kompetansen og omstillingsevna som finst i regionen vår.

Me vonar prosjektleiar og fellesnemnda vil vektleggja dette når ein no skal arbeida vidare med etableringa av det nye fylket.

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet godkjenner uttalen slik den ligg føre.

Vedtak

Samrøystes vedtak.

Sak 39/19

Skriv og meldingar

- a) Regional plan for utdanning – og arbeidsliv i Hordaland
- b) Fitjar vg skule – berekraft prosjekt
- c) Endring møteplan
- d) Møter i kommunane – reiseliv
- e) Nedlegging av koparnettet til Telenor
- f) Auka samarbeid gjennom Samarbeidsrådet
- g) Temamøte havbruk
- h) Regionråda i Vestland
- i) Sørleg kryssing av Langenuen

I møte:

a) Regional plan for utdanning – og arbeidsliv i Hordaland

I dokumentet som er sendt til Kompetanseforum bør og Valen sjukehus omtalast under Helse Fonna.

c) Endring møteplan

Det vart i møte peika på at det er viktig at kommunane vel nye representantar til Representantskapet snarast råd. Nytt Representantskapsmøte er planlagt 6. desember.

d) Møter i kommunane – reiseliv

Desse møta må leggest til etter nyttår på grunn av valet.

g) Temamøte havbruk

Dette møtet bør utsetjast til januar.

h) Regionråda i Vestland

Det vart i møte stilt spørsmål til dette arbeidet. Det vart òg ei drøfting om ulike roller. Det vart presisert at det ikkje må leggest opp til eit 4. forvaltningsnivå og at regionråda sjølv må definera sine arbeidsområde.

Administrasjonen legg notatet fram til godkjenning i Samarbeidsrådet.

i) Sørleg kryssing av Langenuen

I møtet vart det presisert at me feire vedtak om statleg kommunedelplan E39 Stord – Os og at det er dette som bør stå i overskrifta.

Nytt punkt i):

Vedtak om statleg kommunedelplan E39, Stord – Os

Samarbeidsrådet feira i møte at regjeringa no har vedteke den statlege kommunedelplanen for E39 Stord-Os, og at vedtak om kryssing av Langenuen med dette er avgjort. Dette har Samarbeidsrådet arbeidd for i lang tid og hatt mange møter i ulike departement, der ein har fremja kor viktig Hordfast er for utvikling av regionen og for å knyta Stavanger og Bergen tettare saman.

Sak 40/ 19

Ymse

a) Orientering av synspedagog

Bakgrunn for orienteringa frå synspedagog Eldbjørg Knudsen var at ordførar Kåre Martin Kleppe i møte i juni stilte spørsmål om dette tilbudet kunne vera aktuelt i andre kommunar også. Tysnes har svært gode erfaringar.

I møte var det ei drøfting på om det er eit grunnlag for å samla seg om ei felles satsing.

Konklusjonen vart at Arbeidsutvalet får i oppgåve å utforma eit fellesprosjekt der ein også har fokus på :

- Omfang
- Økonomi
- Pilot i nokre kommunar?
- Forankring
- Kva vil det krevjast av kommunane
- Utdanning av synspedagogar

Må også definera kvifor dette ligg utanom synspedagogisk senter.

b) Fiskerihamn på Bømlo

Ordførar Odd Harald Hovland tok opp ei sak vedrørande finansiering av fiskerihamn i Hovlandshagen på Bømlo.

Fiskerihamna har hatt fokus sidan 2013 og er komen verbalt inn i NTP 2. periode. Fiskerihamna kjem ikkje inn i høve til forskotteringa. Midlane går til nord fylka.

Hovland ba om ein støtteuttale om realisering, og usikkerheit i høve til finansiering.

Samarbeidsrådet vart samde om at Bømlo utarbeider eit framlegg til uttale, som Samarbeidsrådet gjev tilslutnad til pr. e-post.

Det er nok at enten ordførar eller rådmann i kvar kommune gjev tilslutnad.

c) Kontrollutvalssekretariat og interkommunal revisjon

Ordførar Morten Storebø tok opp om det bør vurderast oppretting av ein felles interkommunal revisjon og eit felles kontrollutvalssekretariat.

Ordførar Siri Klokkestuen orienterte om at Etne og Sveio er med i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Det er eit interkommunalt selskap med kommunane Etne, Sveio, Sauda, Suldal, Utsira, Tysvær, Karmøy, Haugesund, Vindafjord og Bokn. Det vart stilt spørsmål om det bør vurderast om Sunnhordlandskommunane kan gå inn i same selskap.

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå nærare på moglegheiten for ein felles interkommunal revisjon og eit felles kontrollutvalssekretariat.

Gruppen består av ordførar Gaute Epland, Stord, ordførar Morten Storebø, Austevoll og ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes.

d) Opptrapping av kommunal finansiering av Sunnhordland Museum

Som ei oppfølging av Kommunal Museumsstrategi fekk

rådmenna/kommunedirektør i oppgåve å vurdere ein opptrappingsplan for kommunal finansiering av Sunnhordland Museum.

Kommunane har no fått eit brev frå Hordaland fylkeskommune, og administrasjonen stilte spørsmål til korleis kommunane stiller seg til dette.

Det vert ei drøfting på dette i neste møte i rådmannsutvalet.

e) Statleg plan

Kommunane og Samarbeidsrådet har tidlegare gjeve uttale om at det er ynskjeleg at E39 Stord – Os vert gjennomført med ein statleg plan.

Samarbeidsrådet vart samde om at styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å utarbeida ein uttale til departementet der Samarbeidsrådet påpeikar dette.

Dette med atterhald om godkjenning frå Stord kommune v/ ordførar Gaute Epland.